



Jobbnorge-ID: 101404

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Konsulent/førstekonsulent (administrativ støtte)

Samfunns- og frivilligavdelinga treng ein sørvisorientert, sjølvstendig og initiativrik person som kan avlaste avdelingsleiinga og saksbehandlarane med ei rekkje administrative gjeremål.

Arbeidsoppgåver

- ta hand om rapporteringsrutinar og koordinere og samanfatte innspel til ulike bestillingar frå administrasjonen, til dømes HMS-plan, verksemdplan, driftsbudsjett og liknande
- gje enkel brukarstøtte, halde oversikt, kvalitetssikre og ekspedere saker i det elektroniske saksbehandlingssystemet WebSak Fokus
- kontere og attestere fakturaer og føre laupande kontroll med driftsbudsjettet
- føre lister over ferie og fråvær og andre oppgåver som gjeld elektronisk tidregistrering
- hjelpe til med utfylling av reiserekningar
- publisere svar på høyringar på Regjeringa.no
- handtere ulike rutinar som gjeld mellom anna r-notat og kongelege resolusjonar
- leggje til rette ved møte og andre arrangement, til dømes gjere klar møterom, rydde, skrive referat

Kvalifikasjonar

Du må ha vidaregåande skule og helst utdanning innan økonomi og/eller administrasjon frå høgskule eller universitet. Særleg relevant arbeidserfaring kan i enkelte høve vege opp for kravet til formell utdanning. I tillegg er det viktig at du:

- er god til å sjå kor det trengst å ta i eit tak
- tek initiativ og står på når situasjonen krev det
- er komfortabel med å handtere tal
- samarbeider godt og er vennleg og imøtekommande på telefonen
- meistrar IKT og har erfaring frå bruk av ulike administrative støttesystemer (arkiv, økonomi, personal)
- er god til å formulere deg munnleg og til å skriva begge målformer

Relevant erfaring og gode referansar frå tidlegare arbeidsgjevarar er nødvendig.

Vi tilbyr

- varierte oppgåver
- godt arbeidsmiljø
- fleksibel arbeidstid
- høve å trene i arbeidstida
- god pensjonsordning og høve til å søkje bustadlån i Statens pensjonskasse

Stillingsplassering og løn

Innplassering som 1065 konsulent eller 1408 førstekonsulent, avhengig av utdanning og erfaring.

Konsulent 367 000 - 442 700

Førstekonsulent 395 100 - 465 300

Inkluderande arbeidsliv og mangfald

Staten som arbeidsgivar skal nytte den fulle breidda i kompetansen til innbyggjarane. Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i samfunnet. Difor blir alle kvalifiserte kandidatar med ulik utdannings-, arbeids- og livserfaring oppmoda til å søkje jobb i staten.

Departementet er ei IA-verksemd. I dette ligg det mellom anna at vi vil sørge for tilrettelegging på arbeidsplassen der det trengst.

Offentleggjerings

Dei som søker, må vere merksame på at opplysningar om dei kan bli offentleggjorde, sjølv om søkerane ber om ikkje å bli oppførte på den offentlege søkerlista.

Kontakt

Ekspedisjonssjef Lars Audun Granly på telefon 22 24 80 27 eller avdelingsdirektør Gro Paudal på telefon 22 24 78 21.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: